

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Hjelle hotell og Sunndalen i Stryn.  
**Dato:** 06.06.2016  
**Tidspunkt:** 10:00 – 18:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon
Einar Målsnes	Medlem
Oddmund Klakegg	Medlem
Ivar Kvalen	Leiar
Eline Orheim	Medlem
Sven Flo	Nestleiar
Karen Marie Hjelmseter	Medlem
Marius Dalin	Medlem
Venke Kollbotn	Medlem

## Merknadar

Etter styremøtet på Hjelle hotell var styret på synfaring inn Sunndalen. Med på synfaringa var Jan Erik Reiten frå DNT Oslo og omegn, samt Ingolf Folven, som representerte Sunndalssetra sameige.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar/sekretær
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_Ivar Kvalen\_\_\_\_\_Marius Dalin\_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 20/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 21/16	Orienteringar		
RS 3/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - løyve til helikoptertransport av trapper og bruer ut frå Brenndalen - Briksdal Adventure		2012/4386
RS 4/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - løyve til motorisert ferdsle for hydrologiske undersøkingar 2016 - NVE		2011/4628
ST 22/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til å plukke stein til forblending av sikringshytte - Bergen turlag		2016/1481
ST 23/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopterfrakt av material til bygging av sikringshytte på Skåla - Bergen turlag		2016/1482
ST 24/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsel og lagring av kasser og utstyr ved Briksdalsvatnet - Briksdal Adventure		2016/1499
ST 25/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - utvikling av film om nasjonalparken jf tiltaksplanen		2015/4004
ST 26/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikoptertransport og bytte av tak på sel på Ruteflotsetra - R. Nesdal		2016/1577
ST 27/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - skifte av tak på Ruteflotsetra - A. Hoem		2016/1780
ST 28/16	Eventuelt		

Orienteringar:

1. Status på tiltaksplanen
2. Førespurnad kring kalking på Skåla, og status på byggeprosjektet
3. NiN-kartlegging i Sunndalen og Erdalen forhåpentlegvis neste år?
4. Offisiell opning av den nyrestaurerte/oppgraderte stien til Oldeskaret
5. Norsk Bremuseum 25 år, med royalt besøk til feiringa
6. Status på fjerning av trapper/bruer i Brenndalen
7. Førespurnad kring jordprøver i nasjonalparken
8. Ny endringssak på eit sel på Sunndalssetra, samt uløyvd tilbygg på anna sel på Sunndalssetra. Sannsynleg trong for styremøte via e-post el telefon før sommarferien.

### **ST 19/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

### **ST 20/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen føreslo Marius Dalin til å underskrive protokollen, i lag med styreleiar.

#### **Vedtak**

Marius Dalin vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet, i lag med styreleiar.

Samrøystes vedteke.

## ST 21/16 Orienteringar

### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016

#### Orienteringar:

1. Status på tiltaksplanen:

Prioritet 1: Brua på Veitastrondi blir truleg rimelegare enn tidlegare utrekningar har vist. Forvaltar skal til Veitastrondi fredag den 10. juni med entreprenør.

Prioritet 2: Forvaltar og SNO var på synfaring inn både Sunndalen og Erdalen med grunneigarar/gardbrukarar og Utmarksressurs AS den 19. mai for å sjå på mogelege løysingar for ei betre kurås/drifteveg. Utmarksressurs AS skriv ein detaljert plan med kostnadsoverslag, som grunnlag for å skaffe finansiering. Planen blir truleg noko dyrare enn budsjettet.

Prioritet 3: Studentprosjektet får kr 5000,- og høgskulen var veldig takknemlege for støtta frå nasjonalparkstyret.

Prioritet 4: Breturkartet er i rute, og er distribuert i eit stort kvantum.

Prioritet 5: Forvaltar har kontakt med grunneigarane i Erdalen om ryddeprosjektet og risagarden der. Prosjektet er i rute.

Prioritet 6: Filmprosjektet er ei eiga styresak. Forvaltar har møte med reisemålselskapa og nasjonalparksentra, samt filmselskapet, den 15. juni i Fjærland for å stake ut kursen vidare etter signala frå styremøte.

Prioritet 6: Prosjekt brefunn har avsett noko midlar, og sommaren vil vise korleis smeltinga vil føre fram. Sekretariatet planlegg kontakt med turlag, media, m.m. utover august.

2. Bergen turlag sendte, i april, ein førespurnad om å nytte svartkalk på Skåla for å framskande smeltinga av snø, og for dermed å kunne begynne byggeperioden tidlegare. Forvaltar informerte om regelverket, og om dato for neste styremøte. Turlaget trakk søknaden grunna helikopterløyvet uansett ikkje ville gjelde før den 6. juni.
3. Jostedalsbreen nasjonalpark får, forhåpentlegvis, midlar til NiN-kartlegging i 2017 (uavhengig andre tiltaksmidlar).
4. Fleire medier meldte sin interesse for deltaking på den offisielle opninga av den nyrestaurerte og oppgraderte ferdseisvegen til Oldeskaret. Opninga var 7. juni, dagen etter styremøtet. Både leiar Ivar Kvalen, nestleiar Sven Flo, grunneigar Inge Melkevoll og mange lokalt interesserte var med på turen. Opninga fekk god dekning i media. Sekretariatet lager ein nyhendesak om opninga til styret sin heimeside.
5. Norsk Bremuseum fylte 25 år, og hadde høgtideleg feiring med inviterte gjester. Styreleiar Ivar Kvalen hadde ei helsing under festmiddagen, med overrekking av

eit kunsttrykk på vegner av nasjonalparkstyret. Både Eline Orheim og Oddmund Klakegg var også til stades under feiringa.

6. Alle trappene og bruene i Brenndalen er fjerna, etter saka der nasjonalparkstyret trakk løyvet tilbake. Samarbeidet med tiltakshavar gjekk veldig bra.
7. Med jamne mellomrom kjem det førespurnadar om å drive forskning i nasjonalparken. Denne gongen var det eit spørsmål frå University of Leeds om å ta jordprøver inne i verneområdet. Jordprøvene var ca 15 cm i diameter, og skulle takast med ca hundre meters mellomrom over eit stort område. Tema for forskinga var klima og uv-stråling. Forvaltar gav forskinga grønt lys, og vurderte at dette ikkje var søknadspliktig.
8. Nasjonalparkstyret må ha eit telefonmøte før sommaren for å avklare to byggesaker. Varsel om dato og tid kjem snarleg frå sekretariatet.

### **RS 3/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak- løyve til helikoptertransport av trapper og bruer ut frå Brenndalen - Briksdal Adventure**

### **RS 4/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - løyve til motorisert ferdsle for hydrologiske undersøkingar 2016 - NVE**

### **ST 22/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til å plukke stein til forblending av sikringshytte - Bergen turlag**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

I medhald av naturmangfoldlova § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Bergen turlag v/ Johnny Bjørge for å plukke ein naudsynt mengde stein i nærmare tilvist område, med det føremål å forblende veggjar på den nye sikringshytta på Skåla og tilpasse bygningen meir inn i landskapet i området, på følgjande vilkår:

- Området skal avklarast på synfaring i felt sommaren 2016 med nasjonalparkforvaltaren.
- Det skal ikkje takast spesielt store, lavprega eller særmerkte stein.
- Steinen skal takast spreidd over eit stort, definert område, slik at uttaket ikkje er synleg på avstand eller endrar landskapets karakter.
- Dersom det visar seg å være bakkehekkande fugl i det avsette området, må forvaltar underrettast, og eit alternativt område skal nyttast i ruge- og reirperioden.

## **ST 23/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopterfrakt av material til bygging av sikringshytte på Skåla - Bergen turlag**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

I medhald av forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt, får Bergen og Hordaland turlag v/ Johnny Bjørge løyve til helikopterflyging til Skålatårnet i Stryn kommune for å frakte opp byggjematerial i samband med bygginga av ny sikringshytte. Løyvet inkluderer også frakt av stein frå definert område til byggeplassen.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for lågtflyging og inntil 200 landingar for frakt av material til Skåla, i traseen frå Breng i Lodalen til Skåla. Flyginga inkluderer også flyging av stein i frå avtalt stad for plukking og til byggeplassen.
2. Løyvet er gyldig i perioden 6. juni 2016 til byggeperioden er ferdig den 1. november 2018.
3. Flyginga skal være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg om morgonen eller seint på ettermiddagen, og unngå helge- og heilag dagar.
4. Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt. Under flyginga skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området, slik at ein så langt som mogeleg skal unngå å uroe desse.
5. Bergen turlag har ansvar for å sette opp eit godt synleg skilt ved parkeringsplassen på Tjugen, samt ved Skålatårnet, for å informere turgåarar om byggeprosjektet og helikopterflyginga.
6. Turlaget må unngå å fly i dei nærmaste dagane før, under og etter arrangementet Skåla Opp.
7. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha detaljert tilbakemelding innan 1. desember 2018 om gjennomført helikoptertransport (tal hiv, datoar, andre observasjonar).

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre delegerer mynde til forvaltar å gje løyve til utviding av tal hiv i samband med bygginga av sikringshytta, dersom det syner seg å være naudsynt.

## **ST 24/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsel og lagring av kasser og utstyr ved Briksdalsvatnet - Briksdal Adventure**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i samsvar med verneforskrifta § IV, punkt 1.3, første strekpunkt, løyve til Briksdal Adventure v/Frode Briksdal, for lagring av fire kasser med utstyr og inntil åtte raftingbåter på tilvist plass i skogbrynet i utkanten av strandflata ved Briksdalsvatnet.

Løyvet for lagring har følgjande vilkår:

- Utstyret skal ikkje være dominerande i området.
- Dei fire kassane og dei åtte raftingbåtane som skal lagrast i det tilviste området skal være til nytte. Alt anna i det same området, samt kasser/båter som ikkje er i bruk eller er øydelagt skal ut av nasjonalparken. Det skal ikkje være søppel i nasjonalparken.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir også, i medhald av verneforskrifta § IV, punkt 4.3, andre strekpunkt, løyve til Briksdal Adventure v/ Frode Briksdal, for motorisert frakt av omtalt utstyr til tilvist plass i skogbrynet i utkanten av strandflata ved Briksdalsvatnet.

Løyvet for motorferdsel har følgjande vilkår:

- Transporten skal skje på ein tid av døgnet då det er tilnærma fritt for besøkande til nasjonalparken.
- Transporten skal utelukkande følgje gangvegen, stoppe før gangvegen er slutt, og skal ikkje sette spor.

Dette løyvet gjeld i fire år, det vil seie til og med år 2019. Etter det må de søkje på nytt.

Nasjonalparkstyret kan trekkje løyvet tilbake dersom vilkåra blir brotne eller det dukkar opp andre høve som skulle tilseie inndraging. Sekretariatet kan vise utstyret/kassene til ein annan plass i området dersom det er naudsynt.

## **ST 25/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - utvikling av film om nasjonalparken jf tiltaksplanen**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fikk sjå både film- og fotoarbeid frå filmprodusentane Falkeblikk og Capture. Styret ønskja at verneføremålet skulle være det bærande elementet i ein film om nasjonalparken. Filmen bør ha god breidde, og dekke følgjande tema: Dyreliv, fugleliv, geologisk mangfold, god stemning og humor, rolig gange (med barnevogn?), naturlandskap, biologisk mangfald. Filmen skal ikkje ha stort fokus på ekstremспорт, men også kunne fenge eit ungt publikum. Filmen bør ha god musikk som inviterer til oppleving. Filmen bør ha gode fargar, og landskapsbilete med menneskje i. Det skal ikkje være ein reklamefilm, men ein formidlingsfilm. «Velkommen inn» skal være eit gjennomgangstema. Utgangspunktet for lengda på filmen kan være om lag tre minutt for å spreia i sosiale media, samt på heimesider og på nasjonalparksentra. Filmen skal kunne utvidast til ein «heilftens film» på eit seinare tidspunkt?

Styret ønskja å sette i gong arbeidet med filmen snarleg, og innanfor summen på kr 100 000,- som styret i utangspunktet hadde løyvd til prosjektet i år.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskja å nytte Capture til filmoppdraget til nasjonalparken. Valet falt på dette firmaet grunna den økonomiske ramma, samt ønskje å gje oppdraget til eit firma som var på veg opp.

Nasjonalparkstyret ønskja å invitere Capture til første styremøte til hausten.

## **ST 26/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - helikoptertransport og bytte av tak på sel på Ruteflotsetra - R. Nesdal**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Styrerepresentant Einar Målsnes erklærte seg innhabil, og forlot møtet. Nasjonalparkstyret var vedtaksdyktige. Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

I medhald av forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første strekpunkt, får Rune Nesdal løyve til å endre taket sitt på Ruteflotsetra. Endringa går ut på å bytte ut det gamle taket av rustfarga bølgeblekk til nytt ståltak med svart farge.

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Alt anna bos enn reint trevirke skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast på godkjent mottak.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.
- Rapport med bilete av selet vert sendt forvaltar etter utført arbeide.

I medhald av forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 4.3, andre strekpunkt, får Rune Nesdal løyve til helikopterfrakt av byggematerial til eige og Anne Sølvi Sande Hoem sitt sel, den kortaste traseen inn til Ruteflotsetra.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Helikoptertransporten gjeld frå 6. juni 2016 til 15. august 2016, og gjeld for inntil fem hiv.
- All motorferdsle skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og skal ha som mål å ikkje uroe dyreliv eller friluftsliv.
- Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob.959 63 888) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
- Nasjonalparkstyret skal ha ein skriftleg rapport om flyginga etter utført oppdrag, og seinast 1. oktober.

Løyvet gjeld for helikoptertransport jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar må også hugse å innhente løyve frå Stryn kommune og frå grunneigararar.



## **ST 27/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - skifte av tak på Ruteflotsetra - A. Hoem**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

I medhald av forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første strekpunkt, får Anne Sølvi Sande Hoem løyve til å endre taket sitt på Ruteflotsetra. Endringa går ut på å bytte ut det gamle taket av rustfarga bølgeblekk til nytt ståltak med svart farge.

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Alt anna bos enn reint trevirke skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast på godkjent mottak.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.
- Rapport med bilete av selet vert sendt forvaltar etter utført arbeide.

## **ST 28/16 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.06.2016**

#### **Handsaming i møte:**

1. Styremedlem Eline Orheim har fått ny jobb som assisterande fylkesmiljøvernssjef, og trekker seg som styremedlem i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Årsaka er at miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen har klagerett på alle vedtak som nasjonalparkstyret gjer, samt at ho vil få arbeidsgivaransvar for nasjonalparkforvaltaren.
2. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre var på synfaring til Sunndalssetra med Jan Erik Reiten frå DNT Oslo og omegn, samt Ingolf Folven, som representerte Sunndalssetra sameige. Etter synfaringa var styret einige om å oppmode DNT Oslo og omegn til å søkje om eit rammeløyve for hytte på Sunndalssetra. Dersom eit rammeløyve blir ståande, kan eit meir detaljert løyve eventuelt bli gitt som trinn nr to i prosessen. Styret var noko delt i oppfattinga av saka, og ønskjer å handsame ein søknad for å få ei avklaring.
3. Under synfaringa på Sunndalsseter observerte nasjonalparkstyret ein søppelbål på setervollen. Styret ønskjer at forvaltar gir ei åtvaring til sameiget, det er ikkje høve til å brenne anna enn reint trevirke i nasjonalparken. Styret så også ei nybygd bru som ikkje har blitt handsama etter verneforskrifta, samt fleire haugar

med behandla trevirke (byggningsavfall med målingsrester). Forvaltar følgjer opp saka med sameiget.

4. På Sunndalsseter observerte nasjonalparkstyret også eit tilbygg på eit sel som ikkje har blitt handsama etter verneforskrifta. Nasjonalparkstyret skal be om ein søknad.